

Ordføraren sitt hjørne – desember 2018



Det er Kommuneplan for 2018 – 2030 som er hovudsaka på kommunestyremøtet no den 6. desember. Det blir og eit kommunestyremøte til i desember, tysdag den 18. Då er det Handlingsplan/Budsjett 2019 – 2022 som vil vera hovudsaka. Kanskje er også områdeplanen for Trøym klar for slutthandsaming i det siste desembermøtet.

Kommuneplanen sin arealdel som blir lagt fram no har få endringar i høve det som vart lagt ut på høyring i juni. Merknadane frå sentrale instansar som har motsegnrett var slik at det ikkje er nødvendig med store endringar, og ikkje nødvendig med meklingar. Derfor er planen no klar for slutthandsaming i kommunestyret. Det kom inn nokre nye innspel frå grunneigarar og andre no i høyringsperioden. Dei er ikkje tatt inn, fordi det ville ført til ny utlegging av planen. Det har vore ein lang prosess med høve til å koma med innspel, og det er ikkje rett å utsetja vedtak som vil skape aktivitet på mange frontar, fordi det er kome inn nye innspel no. Dei vil bli overført som innspel til neste rullering som startar med nytt kommunestyre etter valet. Kommuneplanarbeid er noko som føregår nesten kontinuerleg, og det er vedtak som gjer at tiltak kan setjast i verk. Det er mange nye tiltak i planframlegget no, og det mest merkbare er at det er lagt til rette for ein god del meir hyttebygging på fleire plassar i bygda.

«Kommuneplan - samfunnsdel 2019 - 2031. Framlegg til planprogram» skal også opp på møtet no den 6. Samfunnsdelen er dokumentet som skal avklare kva retning som Hemsedal skal ha for utviklinga framover. Korleis vil me ha Hemsedal i 2031, er det me skal prøve å svara ut med dette arbeidet. Samfunnsdelen er grunnlaget for mange andre kommunale planar, også for arealdelen. Såleis skulle me ha starta med samfunnsdelen, men kommunestyret valde å legge gjeldande samfunnsdel frå 2011 til grunn for arbeidet med arealplanen denne gongen.

Det vert lagt opp til ei brei deltaking i arbeidet med samfunnsdelen. Lag og organisasjonar, privatpersonar og næringslivet skal me prøve å få med på fleire måtar. Det blir eit arbeid som skal føregå stort sett fram til sommaren 2019, og med vedtak før valet i september. Før påske vil det bli lagt opp til mange møtepunkt mellom kommunen og innbyggjarane. Kan nemne at det blir lagt opp til eit folkemøte/informasjonsmøte den 23. januar og 14. mars. Så vil det vera møter mellom der med næringsliv og andre.

Dette er eit spennande arbeid. Det å spå framtida er ikkje lett. Det er mange føresetnader som ligg i botnen. Så må me bygge vidare på det me veit med strategiar for korleis me vil utvikle Hemsedal vidare. Det er ikkje slik at ting berre skjer uansett. Det må til eit mål og så vilje og tiltak for å nå måla. Det er dette arbeidet me skal i gang med no, og me ynskjer deltaking frå flest mogleg. Det er noko med at den som har skoen på som veit korleis den passar på foten.

Budsjettet har ikkje dei store endringar i tenestnivået i seg. Den aktiviteten me har no i 2018 er vidareført. Det har me greidd ved å hente 3,5 mill. frå disposisjonsfondet slik me også gjorde i 2018. Det som er dei store utfordringane framover er investeringane som me må ta. Talet på eldre over 80 vil auke utover med ein nesten dobling i 2040. Det er ingen ledig kapasitet på sjukeheim- eller omsorgsplassar no, tvert om. Derfor må det setjast i gang tiltak så fort som mogleg. Det same er tilfelle med barnehagedekninga. Kommunen har som mål å ha full barnehagedekning. Slik tala ser ut no må det til ei ny avdeling frå hausten 2019. Dette er lagt inn i budsjett. Nytt bustadfelt er også prioritert. «Og bakom suser skogene» var ei bok eg las som småfant. Her kan eg vil si at bakom alt dette ligg skuleutbygginga. Det er store lyft kommunen må ta dei komande åra. Inntektene våre heng saman med folketalsutviklinga. Me får håpe at den positive utviklinga held fram.

Eg vil få ynskje dykk alle ei god og fredfull jul, men med snø og mange turistar i bygda!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører